



Rektor Vidar Haugland fekk ein varm takk

**Dei som ikkje hadde kledd seg skikkeleg hutra i den uoppvarma låven på Dønhaug då skulen i kveld sette punktum før jul . Men det var så mykje som varma på anna vis, og vi tenkjer ikkje berre på songen til elevane.**

**Vi tenkjer i høgste grad også på deira takk til ein avgåande og godt likt rektor., som var primus motor for dette arrangementet for siste gong**



Solveig Haugland og Kathrine Saghaug viste gamal husflid Vidar Haugland fekk med seg desse gode orda frå eit knippe sjuandeklassingar:



Skulekoret imponerte med mektig song

- Du har vore snill og grei.

- Du er generøs - du gav oss sjokolade i mattetimen
- Vi hadde det veldig gøy i mattetimane og du var ein flink lærar.
- Du lot oss laga flaskehopp
- Vi lo ein masse saman med deg.

Det er ein fin tradisjon å la juleavslutningane veksla mellom Dønhauglåven og Aktivitetshuset sjølv om låveopphaldet kan bli i kaldeste laget utan varmeanlegg.

Dette året sørgra 170 frammøtte for god stemning før klassane frå første til femte stod fram i tur og orden med juleprega og stort sett godt innøvde innslag. Sjette og sjuande hadde andre oppgåver, til dømes å presentera gamal husflid og leia programmet. Det siste var det Rebecca Hølleland Hauge og Amalie Haugland Røstbø som gjorde på framifrå vis.

Det mektigste innslaget var den avsluttande opptreden av skulekoret som var heile elevflokken med unnatak av sjetteklassen. Men også danseinnslaget til fjerdeklassa bør nemnast spesielt.

Etter kulturprogrammet stod flinke hjelparar klare med 85 kilo graut og ikkje uventa dukka nissen opp også på Dønhaug med ein imponerende stor familie på slep. Det er ingen tvil om at han arbeider under høgtrykk om dagen, men så er han da også etter eige utsagn universell....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det kom ein imponerende nissefamilie til Dønhaug i kveld